

Nye personar i viktige funksjonar i D-2250

I månadsbrevet for juli skreiv DG at det om kort tid vil gå ut informasjon om endringar i verv i distriktet (nokre nye AG'ar m.m.).

Av ulike grunnar blir det no stor utskifting i korpset vårt av assisterande guvernørar.

Eg startar med mitt eige AG-område (**område 6, Sogn og Fjordane**). Eg måtte naturleg nok finne ny AG som kunne overta da eg gjekk inn i DG-vervet. Eg er glad for at tidlegare president i Stryn Rotaryklubb, **Kjell Opheim**, sa ja til å bli ny AG for dei fem klubbanne i Sogn og Fjordane.

Christin Landmark ønskte avløsing frå AG-rolla no når ho går inn i distriktsleiinga som nominert DG for 2017 - 2018. Styret er godt fornøgd med at **Rannveig Marie Johansen**, Øyane Rotaryklubb, har sagt ja til å vere ny AG i **område 2 (Stavanger)**, som no står igjen med 7 klubbar.

Arne Vagle og Odd Henning Johannessen har ytra ønske om avløsing etter fleire år som AG i område 1 og 3. Og no har vi fått ny AG også i desse områda, **Else Johanne Sjøberg Bryne**, Bryne Rotaryklubb, overtek 1. august som AG i **område 1** (Sandnes / Jæren / Dalane) med heile 10 klubbar, og frå same dato startar **Jostein Osnes**, Stord Rotaryklubb, som AG for dei 8 klubbanne i **område 3** (Haugalandet / Ryfylke / Stord). Eg er glad for at desse to gav positivt svar på tilbodet dei fekk no i ferietida!

Distriktet får også ny DYEO – som er den mystiske forkortinga for District Youth Exchange Officer, dvs. den som har **ansvaret for ungdomsutvekslinga på distriktsnivå**. Etter mange år i denne viktige funksjonen går **Ove Midtskog**, Karmøy Vest Rotaryklubb, over i eitt av dei to korrespondentverva for ungdomsutveksling – knytta til Norsk Rotary Forum (Norfo) som multidistrikt. Ny i vervet som DYEO i distrikt 2250 er **Rolf Thingvold**, Førde Rotaryklubb. Skiftet mellom Ove og Rolf skjer 1. oktober 2015.

Eg og resten av distriktsstyret ser fram til å få dei nye AG'ane med i samarbeidet, og vi ser fram til å få Rolf Thingvold inn som ungdomsansvarleg.

Eg veit at vi får utfordringar med at det kjem nye folk i mange viktige roller som erfарne medlemmer har hatt i lang tid, men eg veit også at vi får inn engasjerte og positive personar. Vi rettar ei stor takk til dei som no har gått / går ut av funksjonane dei har hatt i mange år, og vi ønskjer dei nye personane lukke til i det viktige arbeidet dei går inn i!

Jostein By
DG